



Forventningar til skule-heim-samarbeidet Hafslo barne- og ungdomsskule

Forventningar til skulen:

- God arena for læring og trivsel.
- Ha respekt for elevane, møte dei på ein god måte.
- Sjå kvar einskild elev.
- Bry seg om elevane, visa omsorg.
- Elevane får den hjelpa dei treng.
- Skulen skal vere ein trygg og god plass.
- Ha fokus på eit trygt og godt skulemiljø.
- At dei vaksne følgjer med på kva som skjer ute/inne i friminutta.
- At skulen tek tak i konflikhtar/problem på eit tidleg tidspunkt for å førebyggje større problem.
- God dialog, toveis-kommunikasjon, lytte til foreldregrupper.
- Informasjon- både sosialt og fagleg.
- Få informasjon kontinuerleg, når noko skjer. Gjennom møter, Visma, vekeplan, heimesida (Ikkje lenge etterpå).
- Skulen legg ut vekeplanar og ein del felles informasjon på heimesida.
- Visma flyt er den nye kanalen mellom heim og skule der all informasjon frå skulen skal koma.
- Bruk av Facebook og andre sosiale media skal skje i tråd med kommunale reglar
- At dei vaksne er kompetente fagleg og pedagogisk, med høg kvalitet på undervisning og vurdering.
- Fremma fysisk aktivitet: bruk av nærmiljøet.
- Fokus på miljøvern. Miljøvern som ein naturleg del av skuledagen.
- Skulen vera framtidsretta og nytta tekniske hjelpemiddel etter dagens standard.
- Halde fram med aldersblanding på mellomtrinnet.
- Arrangere sosiale aktivitetar som t.d. overnatting.
- Ha ulike tema på foreldremøter, samarbeide med andre skular, gjerne folk utan ifrå som kjem og informera.
- Praktisk arbeid, god balanse mellom det faglege og aktivitetar.
- Følgje opp Pals- respekt, ansvar, omsorg for elevane og tilsette.

Forventningar til heimen:



- Respekt for det skulen formidlar/bestemmer.
- Lære ungane å ha respekt for alle, følgje opp Pals.
- Lære ungane at ei sak har fleire sider.
- Følgje opp barna fagleg med lekser, møter, sosiale aktivitetar.
- Passe på at ungane har med seg rett utstyr når dei t.d. har turdag.
- At ungane kjem på skulen til rett tid.
- Gje informasjon til skulen når det er noko skulen treng å vita og ha ein god dialog.
- Viktig å syne interesse, snakke med ungane om deira skulekvardag og bry seg.
- Framsnakke skulen, vere positiv.
- Spørje etter dei andre ungane i klassen, ta ansvar for sine egne ungar.
- Invitere til sosialt lag, skulekompisar, besøk.
- Fornuftig val når det gjeld Snapchat, speletid pc-spel, playstation, tilrådde aldersgrenser m.m. Ta det opp som tema på klasseforeldremøte.
- Stille opp ved dugnad, køyring.
- Samarbeid.
- Bidra til trygg skuleveg.
- Lese informasjon, halde seg oppdatert gjennom t.d. heimesida.
- Lese vekeplanar og anna informasjon på heimesida.
- Visma flyt er den nye kanalen mellom heim og skule der all informasjon frå skulen skal komma, viktig at alle foreldre nyttar den.
- Møte på møter i ulike fora som ein vert invitert til.
- Føresette har ansvar for egne ungar si oppførsel på fritida og i skulen.
- Foreldregruppa må ha tru på at skulen tek gode avgjersler i vanskelege saker.
- Foreldregruppa må jobbe gjennom dei rette kanalane som klassekontakt, FAU.
- Heimen må vere positiv til skulen i samtale med sine born. Ein bør vere positiv både til leksearbeid, tilsette ved skulen og medelevar.
- Stille opp og bidra til foreldrenettverksmøte og sosialkveldar

Vedteke av FAU HBUS 13.06.2024

formaterte: Norsk (nynorsk)